

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 10.12.2021
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Asle Kjørlaus**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november 2021**

Arkivsak

2021/1089

Styresak 080/2021

Styremøte 17.12.2021

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2021 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering


Resultatet i perioden er negativt med 1,2 millioner, som er 4 millioner bak budsjett. Estimerte kostnader knytt til pandemien er 1 million. Administrerende direktør forventer noko høgre tall gitt situasjonen ein har hatt, men dette er krevjande å estimere. Det vil derfor bli gjennomført ei kvalitetssikring i samband med årsavslutning.

Til no i år er resultatet 16,3 millioner, som er 14,9 millioner bak budsjett. Område med meirforbruk er spesielt H-resept, medisinsk heimebehandling, kreftmedikament og personalkostnader. Samtidig er det mindreforbruk på pasienttransport og gjestepasientar. Meirforbruket på personalkostnader er høgre enn kva som kan forklarast med pandemien, lønnsoppgjeret og høgt sjukefråvær.

Pandemien er likevel slik administrerende direktør vurderer det hovudforklaringa til avviket. I desember er det gjeve ekstraløyvingar på 10 millioner knytt til tapte inntekter og ekstra kostnader. Administrerende direktør held derfor fast på prognosen med eit resultat på 20 millioner, som er 14 millioner bak budsjett.

Aktiviteten innanfor somatikk, målt i DRG-poeng og utan H-resept, var 3,5 prosent lågare enn budsjett. Til no i år er aktiviteten 97,5 prosent målt mot budsjett. Innanfor psykisk helsevern er bildet det same som førre månad med god aktivitet på døgnopphald for vaksne og god aktivitet på barn og unge. Aktiviteten er bak plan på poliklinikk for vaksne og innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).

Nytilviste i perioden var fire prosent høgre enn same periode i fjor, men samtidig har ein avslutta færre pasientar enn kva som er tilvist i perioden. Det same forholdet såg vi og ved førre rapportering, dvs. fleire tilviste enn avslutta. Både venteliste og totalkø er no høgare enn same periode i fjor. Administrerende direktør understreker at det blir viktig og nødvendig å halde god aktivitet framover for å handtere både nytilviste og pasientar i venteliste og totalkø, men at pandemien og RS-virus medfører prioriteringar.



Ventetid for somatikk i november er i hovudtrekk lik ventetida frå dei to føregåande månadene. Gjennomsnittlig ventetid for behandla er 74 dagar (måltal under 50 dagar), medan ventetid for ventande er 64 dagar. Det er som tidligare ØNH-avdeling, samhandling og tverrprofesjonelle tenester og augeavdeling som har lengst ventetid. Av dei som har starta behandling har 12 prosent starta innan 0-10 dagar, medan 25 prosent har starta innan 11-30 dagar. Dette viser at pasientar med identifisert behov for raskare tilgang på helsehjelp blir prioriterte. Samtidig viser det at pasientar som er identifisert til å kunne vente på helsehjelp, blir nedprioritert og må vente noko lenger. Vurderinga er at total ventetid i Helse Førde er for høg, men at nødvendig prioritering blir gjennomført for å sikre eit forsvarlig tilbod.

Det var 101 fristbrot i somatikken i november. Flest fristbrot hadde vi på kirurgisk avdeling (55). Talet ligg noko over førre månad, men jamt samanlikna med resten av seinsommaren/hausten. Av alle fristbrot hadde 55 pasientar fått time før eller på målepunktet (dato for fristbrot), men ventetidsluttdato (dvs. registrering av oppmøte til første kontakt) er ikkje sett. Sju pasientar har fått time innan 1-6 dagar etter fristbrot. 26 pasientar har ikkje fått tildelt time. Administrerende direktør vurderer at det blir jobba bra med å halde tal fristbrot nede, og at mange pasientar får tilbod om helsehjelp tett rundt tidspunkt

for fristbrot. Det er nødvendig å halde fokus på å tilby time til alle som blir tilviste, og som er på venteliste.

For PBU held ventetida seg framleis noko over måltala. Ventetid for helsehjelp starta i perioden er 43 dagar (måltal 35), medan gjennomsnittlig ventetid for ventande er 29 dagar. PHV og TSB held seg som tidlegare godt innanfor måltala på ventetid.

I styremøte planlegg administrerande direktør å gjere nærare greie for status når det gjeld Den gylnge regel, liggedøgn utskrivingsklare pasientar, stryking av planlagde operasjonar, sepsis i AKM og epikrisetid.

Helse Førde hadde i oktober 2021 eit sjukefråvær på 7,5 prosent. Dette er 0,2 prosentpoeng høgare enn tilsvarande månad i fjor. Samtidig er fråværet stigande sett opp mot september som var på 6,9 prosent. Tilbakemeldingar frå klinikkane syner at fråværet er stigande i enkelte avdelingar, og førebelse tal for november indikerer at fråværet vil verte litt høgare i november enn oktober. Ein rapport som summerer opp fråværet dag for dag i Helse Førde, syner at føretaket dei siste 14 dagane har hatt i snitt 234 medarbeidarar borte kvar dag.


Samtidig er vi fortsatt blant dei føretaka i landet som har lågast sjukefråvær. Erfaringsmessig ligg Helse Vest lågt samanlikna med dei andre regionane. Helse Førde ligg klart lågast i oktober sett opp mot dei andre tre føretaka i vår region, og førebelse tal for november indikerer at vi har eit fråvær som er ca. 1,4 prosent lågare enn dei tre andre føretaka. Dette skal likevel ikkje ta vekk fokuset på området då administrerande direktør får tilbakemeldingar på medarbeidarar som er slitne etter to år med pandemien. Administrerande direktør må derfor, saman med alle leiarane våre, ha enda meir fokus framover på å leggje til rette for at medarbeidarane skal ha ein overkommelig arbeidskvardag.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:



- Somatikk: 64 dagar ved utgangen av november (63 i oktober). 57 i november i fjor. Altså +7 frå i fjor.
- PHV: 25 dagar ved utgangen av november (24 i oktober). 15 i november i fjor. Altså +10 frå i fjor.
- PBU: 29 dagar ved utgangen av november (27 i oktober). 22 i november i fjor. Altså +7 frå i fjor.
- TSB (rus): 10 dagar ved utgangen av november (18 i oktober). 20 i november i fjor. Altså -10 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i november var:

- Somatikk: 68 hittil i år (74 dagar i november) – måltal er 50. 67 hittil i fjor. Altså +1 frå i fjor.
- PHV: 31 hittil i år (32 dagar i november) – måltal er 40. 25 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- PBU: 47 hittil i år (43 dagar i november) – måltal er 35. 42 hittil i fjor. Altså +5 frå i fjor.
- TSB (rus): 26 hittil i år (18 dagar i november) – måltal er 30. 28 hittil i fjor. Altså -2 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 103 fristbrot på behandla pasientar i november svarande til 3,5 prosent av behandla i november (4,1 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,4 prosent.
- Førebels registrert 104 nye fristbot i november, svarande til 3,9 prosent av alle med frist i november (2,7 prosent i oktober).



AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 848	1 884	-36	1 606	242	18 958	19 600	-642	17 599	1 359
DRG-poeng poliklinikk, A	447	489	-42	482	-35	4 858	4 876	-18	4 532	326
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	107	102	5	101	6	1 629	1 756	-126	1 736	-107
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	42	47	-6	53	-11	686	643	44	550	136
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 443	2 522	-79	2 242	201	26 131	26 874	-743	24 417	1 714
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	47	156	-109	116	-69	1 275	1 593	-318	1 318	-43
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 449	2 631	-183	2 305	144	26 720	27 824	-1 105	25 185	1 535
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 557	1 351	206	1 331	226	14 527	13 862	665	13 265	1 262
Tal sjukehusopphald	1 523	1 641	-118	1 338	185	16 862	17 412	-550	15 727	1 135
Tal polikliniske konsultasjonar	11 238	11 009	229	10 856	382	113 313	110 752	2 561	100 519	12 794


Perioden

Aktiviteten i perioden var 2,3 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 5,9 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 3,1 prosent lågare enn budsjett (- 79 poeng) og 9 prosent høgare enn førre året (+ 201 poeng).

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 1,9 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 11,7 prosent høgare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 2,8 prosent lågare enn budsjett (- 743 poeng) og 7 prosent høgare enn fjoråret (+ 1714 poeng).

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 586	1 453	133	1 601	-15	16 479	16 498	-19	15 653	826
Tal utskrivne pasientar	86	88	-2	97	-11	842	947	-105	969	-127
Polikliniske kons. m/refusjon	2 234	2 546	-312	2 240	-6	20 629	24 536	-3 907	22 003	-1 374
Rus										
Tal heildøgnsopphald	475	592	-117	516	-41	5 537	6 490	-953	5 224	313
Tal utskrivne pasientar	15	17	-2	12	3	161	221	-60	168	-7
Polikliniske kons. m/refusjon	228	248	-20	259	-31	2 279	2 728	-449	2 489	-210
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	144	144	-0	118	26	1 184	1 158	26	1 255	-71
Tal utskrivne pasientar UPH	11	7	4	12	-1	78	75	3	82	-4
Polikliniske kons. m/refusjon	1 734	1 739	-5	1 585	149	16 858	16 256	602	15 471	1 387

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore svakare enn plan i perioden for poliklinikk, medan døgnpastane har hatt god aktivitet. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten vore lågare enn plan i perioden. Akkumulert er aktiviteten om lag som førre året.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore god innan poliklinikk og vi ligg akkumulert føre plan og fjoråret. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar. Også ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH) har aktiviteten vore god i perioden.

Beleggsprosent



ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Prognose	Årsbudsjett
Pasientrelatert inntekt	79 180	80 155	-975	826 591	847 845	-21 253		920 815
Basistilskudd	192 054	191 703	351	1 996 806	1 970 352	26 455		2 177 841
Andre inntekter	6 231	5 814	416	64 959	62 449	2 510		68 058
Sum Driftsinntekter	277 465	277 672	-207	2 888 356	2 880 645	7 711		3 166 714
Varekostnader og Helsetjenester	-44 321	-48 376	4 055	-432 093	-437 336	5 243		-483 991
Lønn- og personalkostnader	-188 008	-179 358	-8 650	-1 959 201	-1 914 332	-44 870		-2 102 595
Øvrige kostnader	-38 784	-39 418	634	-405 389	-421 008	15 619		-461 640
Av- og Nedskrivning	-7 426	-7 477	51	-74 789	-75 023	234		-82 500
Sum Driftskostnad	-278 539	-274 629	-3 910	-2 871 473	-2 847 699	-23 774		-3 130 725
Driftsresultat	-1 074	3 043	-4 117	16 884	32 946	-16 063		35 989
Finansresultat	-84	-210	126	-595	-1 780	1 185		-1 989
Finans	-84	-210	126	-595	-1 780	1 185		-1 989
Sum Finans	-84	-210	126	-595	-1 780	1 185		-1 989
Totalresultat	-1 158	2 833	-3 991	16 288	31 167	-14 878		34 000

Perioden

Resultatet i perioden er negativt med 1,2 millionar, som er 4 millionar bak budsjett. Estimerte kostnader knytt til pandemien er 1 million. Aktiviteten innanfor somatikk var noko bak plan. Avvik basistilskot er knytt til øyremarka midlar.

Driftskostnadene er samla 3,9 millionar bak budsjett. Dette er knytt til personalkostnader. Når det gjeld varekostnader er meirforbruk knytt til H-resept, kreftmedikament og medisinsk heimebehandling. For H-resept var det eit meirforbruk på 2 millionar. Resultateffekten var negativ med 1,9 millionar på grunn av lågare inntekter. Det er mindreforbruk knytt til gjestepasientar.

For personalkostnader var det eit meirforbruk på 8,7 millionar. Av dette er omlag 0,8 millionar knytt til pandemien og 2 millionar knytt til lønsoppgjøret, samt noko knytt til meir sjukefråvær. Meirforbruket er innanfor bruk av vikarar, variable tillegg og overtid, samt innleige av personell. RS-virus og pandemien påverkar meirforbruket. Dette er relativt likt fordelt mellom kirurgisk og medisinsk klinikk.

Akkumulert

Resultatet til no i år er 16,3 millionar, som er 14,9 millionar bak budsjett. Driftsinntektene er 7,7 millionar betre enn budsjett, driftskostnadene er 23,7 millionar høgare enn budsjett og finans er 1,2 millionar betre enn budsjett.

Estimert effekt av pandemien er negativ med 14 millionar. Samanlikna med budsjett er resultateffekten knytt til H-resept negativ med 12,5 millionar, medisinsk heimebehandling negativ med 8,4 millionar og kreftmedikament negativ med 3,3 millionar. Pasienttransport bidreg positivt med 6,8 millionar, og gjestepasientar bidreg også positivt med 22,2 millionar. Til saman utgjør dette 9,2 millionar av avviket mot budsjett.


Når det gjeld personalkostnader er det eit meirforbruk på 44,8 millionar. Estimert effekt knytt til pandemien er 34,5 millionar. Føretaket har på same tid fått 35,4 millionar for å dekke ekstra kostnader. Dette er i hovudsak personalkostnader og er inntektsført på budsjetteknisk. I samband med årsavslutning vil ein vurdere estimata betre. Lønnskostnader som er markert med pandemikoden, kan synast noko låge dei siste månadene. Det er likevel noko meirforbruk knytt til personalkostnader samanlikna med budsjett.

Likviditet

Per utgangen av november 2021 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 216,6 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 307 millionar kroner som ikkje vert nytta.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i perioden 7,5 prosent. Det er 0,2 prosentpoeng lågare enn same månad i fjor, men 0,6 prosentpoeng høgre enn førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste tolv månadene er 6,7 prosent, som er på linje med 2020.